



Notat

Dato: 07.08.2014
Arkivsak: 2014/10180-3
Saksbehandlar: jortenn

Til:Fylkesutvalet

Frå:Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland pr 30.juni 2014

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2014 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gitt tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 20.februar 2014.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikten har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i HNN, som gjeld *Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar*. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i HNN budsjettet:

B-1Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon

B-2 Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse

B-3 Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter

B-4: Bransjeretta tiltak

B-5: Klimarettatiltak

B-6: Øyremerkte midlar til program

B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar

Denne oversikten med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B i HNH, blir gitt som orienterings sak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn gitt sidan siste oversikt.
- Tabell med samla tal hittil i år fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterarar.
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gitt til fylkesutvalsmøtet 24.04.2014 med ein oversikt fram til 31.03.2014. Denne oversikten viser utviklinga frå 01.04.2014 til 30.06.2014.

Prosjekt handsama i perioden 01.april til 30.juni 2014:

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
183-2013	Slepp deg laus – heile året	Stordalen Oppleving	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	3 488 000	295 000
035-2014	Etablering av sentrumspark, trinn 1-2	Austrheim kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	2 196 937	500 000
021-2014	Nasjonal Markedsføring i 2014	Bergen Reiselivslag	B-4: Bransjeretta tiltak	1 761 000	605 800
033-2014	Rosendal sjøfront	Kvinnherad kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	7 700 000	2 200 000
070-2014	Agronomkurs for voksne. Vg3 skoleåret	Stend vidaregåande skule	B-2: Relevant kompetanse	320 120	106 500
037-2014	Driftsstøtte Design Region Bergen 2014	Design Region Bergen	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	9 300 000	500 000
046-2014	Økt kompetanse - bærekraftig bruk av renseskild	Norsk Sjømatcenter	B-4: Bransjeretta tiltak	250 000	66 000
050-2014	Regional Næringsstrategi for Hardanger	Hardanger Næringsråd	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	525 000	160 000
043-2014	Geopark Sunnhordland	Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	350 000	100 000
061-2014	FoU-strategi Vestnorsk Fjordlandskap (Hordaland)	Møreforskning Volda	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	745 000	60 938
047-2014	Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet	Osterfjord Nærings samarbeid	B-2: Relevant kompetanse	6 000 000	250 000
038-2014	Hordalands internasjonaliseringpris Villsauen	Bergen Næringsråd	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	50 000	50 000
042-2014	DesignArena	Design Region Bergen	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	5 834 000	200 000
079-2014	Driftsstøtte for 2014 – Fuzz	Fuzz AS	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	2 919 272	650 000
078-2014	Nyskapingsparken Inkubator 2014	Høgskolen i Bergen	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	4 100 000	900 000
083-2014	Frå elev til arbeidstakar (FETA)	Etne og Vindafjord Næringsutvikling SA	B-2: Relevant kompetanse	1 793 000	250 000

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
082-2014	Nordic Village	Slow Food Hardanger	B-4: Bransjeretta tiltak	400 000	100 000
096-2014	Næringslivskompetanse til gründere	Connect Vest	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	3 910 000	540 000
084-2014	Vitaliseringsplan Odda Sentrum 2015	Odda Handelsstandsforening	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	272 680	81 804
			Totalt 19 tilsegn	51 915 009	7 616 042

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde i år:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1:	Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	8	15 398 000	1 520 938
B-2:	Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	6	23 569 520	1 201 500
B-3:	Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	8	15 025 867	4 173 054
B-4:	Bransjeretta tiltak	5	4 162 667	1 321 800
B-5:	Klimaretta tiltak	1	334 600	150 000
B-6:	Øyremerkte midlar til program			
B-7:	Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar	5	28 829 272	2 510 000
	Totalt:	33	87 319 926	10 877 292

Kommentar:

Det er i perioden gitt tilsegn til totalt 19 prosjekt og tiltak med en samla kostnadsramme på vel 87 mill kr. Vår finansieringsandel er vel 14 %. For alle prosjekta hittil i år er vår finansieringsandel på vel 12 %. Dette viser at sjølv med relativt beskjedne finansieringsandelar er vi med å løyse ut til dels store prosjekt og tiltak.

For dei søkbare midlane (B-1 til B-5) har vi så langt i år delt ut ca 44 % av ramma. Vi har fleire større søknader inne til handsaming, men det er enno for tidleg å seie om ramma er tilstrekkelig. Det relativt høge forbruket innafor B-3 «Sentral vekst og attraktive regionsentre» skuldast i hovudsak tildeling av eit større beløp til opprusting av Rosendal sjøfront. For B-5 «Klimaretta tiltak» er det sett i gang eit arbeid med ein separat utlysingsrunde i samarbeid med Klima- og naturressurs seksjonen.

Vedlegg: Prosjektinfo

Slepp deg laus - heile året

Tilsegn 183-2013

Deltakerbedriftene vil i samarbeid skape glød, kreativitet, kunnskap og engasjement for å løfte alle bedriftene og lokalsamfunnet i fellesskap. Basert på analyse av forventningar, potensiale og marknadsmatriser i forprosjektet vil hovudprosjektet fokusere på 1) marknadsutvikling og profilering, 2) pakking og salsverktøy, 3) skilting og infrastruktur, 4) produktutvikling innafør felte vandring, sykkel, lokalmat, aktiv moro og forteljingar, samt 5) utgreiingar.

Tilskotet frå HNH gjeld dei to første åra av prosjektet.

Totale prosjektkostnader: kr 3 488 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Annen finansiering:	kr 650 000
Egenbetaling deltakerne:	kr 642 000
Egeninnsats deltakerne:	kr 1 036 000
Handlingsprogram for næringsutvikling (HNH):	kr 295 000
Innovasjon Norge:	kr 580 000

Prosjektstart: 02.12.2013.

Prosjektlutt: 15.12.2016.

Prosjekteigar:

Stordalen Oppleving AS

Prosjektleiar:

Arne Berg, arne@bergfritid.no

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

Nordhordland har ikkje henta ut sitt potensiale som reisemål verken lokalt, i bedriftsmarknaden eller overfor turistar. Gjennom forprosjektet «Slepp deg laus i Stordalen – heile året» har reiselivsbedriftene knytt til Stordalen/Masfjorden/Gulen samarbeida for å sjå om det er potensiale om eit samla løft. Dette er også ei oppfølging av tidligere prosjekt med lokalsamfunnsutvikling, Utsyn og Liv&Lyst.

Tilsegnsdato: 28.03.2014

Etablering av sentrumspark, trinn 1-2 035-2014

Etablering av sentrumspark er eit delprosjekt under hovudprosjektet "Austrheim heile livet", som tidlegare har fått inntil 975 000 kroner i tilskot for perioden 2013-2015.

Hordaland fylkeskommune er positiv til planane om park, og har tidlegare løyvd pengar til forprosjektet. Austrheim kommune er grunneigar i området som er planlagt som park, og planane er forankra i kommunale vedtak.

Totale prosjektkostnader: kr 2 196 937

Finansieringsplan for prosjektet:

Austrheim kommune:	kr 1 686 837
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	kr 500 000
Årås yngre sanitetsforening:	kr 10 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Austrheim kommune

Prosjektleder:

Asbjørn N. Toft, asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Sakshandsamar:

Hans Inge Gloppen,
tlf. -, epost: hans.inge.gloppen@hfk.no

Samandrag:

Arbeidet med etablering av ein sentrumspark starta for fleire år sidan i samband med at Austrheim kommune sette fokus på tettstadutvikling, og Årås yngre sanitetsforening har ei pengegåve til dette føremålet. Seinare er tettstadutvikling blitt eit eige delprosjekt i samfunnsutviklingsprogrammet «Austrheim heile livet». Delprosjektgruppa der har prioritert arbeidet med ein sentrumspark som eit viktig tiltak.

Tilsegningsdato: 05.05.2014

Nasjonal Markedsføring 2014 Tilsegn 021-2014

Prosjektet si hovudmålsetjing; «Hordaland skal, gjennom Nasjonal Marknadsføring, ta ein klar posisjon innafor aktivitetsbasert reiseliv (natur- og kulturbaserte attraksjonar og opplevingar) og bidra til auka verdiskaping for heile reiselivsnæringa i fylket». Denne satsinga skal føre til fleire norske tilreisande, auka opphaldstid, sesongutviding og at gjestane i større grad nyttar seg av aktivitets-tilbodet i Hordaland.

Totale prosjektkostnader: kr 1 761 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Destinasjoner/bedrifter:	kr 985 200
Egeninnsats:	kr 170 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 605 800

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Bergen Reiselivslag

Prosjektleiar:

Linn Steen, linn.steen@visitbergen.com

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

Funksjonen "prosjektleiar Hordaland" skal gjennomføre oppgåver til felles nytte for reiselivsnæringa i Hordaland innafor økonomiske rammer og prosjektgrupper som avtalt i styringsgruppa. Arbeidet skal ha fokus på nasjonal markedsføring, produktpakking og produktutvikling.

Sentrale prinsipp i arbeidet for å nå dei sette måla er: Samarbeide i fokus, berekraftig utvikling, kvalitet og marknadsstyrt tilpassing i verdikjeden.

Måloppnåinga i prosjektet skal målast gjennom tal frå SSB (Statistisk sentralbyrå). på kommersielle gjestedøgn for hotell, camping, hyttegrender og vandrarheimar, samanlikna med året før

Tilsegnsdato: 28.03.2014

Rosendal sjøfront Tilsegn 033-2014

Rosendal sjøfront er del av større prosjekt for sjøfronten i sentrum. Dette byggjetrinnet gjeld fronten framfor nytt Folgefonnsenter; eit samarbeidsprosjekt mellom 5 nabokommunar, UiB, Bjerknes-senteret, Havforskningsssenteret m.fl. Kvinnherad kommune er tiltakshavar.

Totale prosjektkostnader: kr 7 700 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 2 200 000
Kvinnherad kommune:	kr 5 500 000

Prosjektstart: 18.08.2014.

Prosjektslutt: 28.11.2014.

Prosjekteigar:

Kvinnherad kommune

Prosjektleiar:

Ivar Kåre Døssland, ivar.kare.dossland@kvinnherad.kommune.no

Sakshandsamar:

Kari Øvsthus,
tlf. 55239294, epost: kari.ovsthus@hfk.no

Samandrag:

Opprusting av Rosendal sjøfront er ein del av arbeidet med å styrke kvaliteten av sentrum generelt og reiselivssatsinga spesielt. Dette byggjetrinnet gjeld fronten framfor nytt Folgefonnsenter, som blir bygd i samarbeid mellom kommunane Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Etne og Odda; vidare UiB, Bjerknessenteret, Havforskningsssenteret, Sunnhordland kraftlag, NorSafe, Hellesøy verft m.fl. Kvinnherad kommune er tiltakshavar. Folgefonnsenteret er planlagt å bli ei stifting, og vil bli eit kunnskaps- og ressurscenter for heile fylket, pluss viktig del av reiselivssatsinga i Rosendal og på Folgefonnhalvøya. Dette byggjetrinnet gjeld utfylling og opparbeiding av kai/grunn under det nye Folgefonnsenteret.

Etablering av ny sjøfront er elles vidareføring av det tidlegare "BLEST"- prosjektet.

Tilsegnsdato: 23.03.2014

Agronomkurs for voksne. Vg3 skuleåret 2014-15

Tilsegn 070-2014

Interessen for voksne som ynskjer agronomkurs er stor. Stend har fått midlar for å tilby Vg3 for klassen som fullførte Vg2 2013-14.

Totale prosjektkostnader: kr 320 120

Finansieringsplan for prosjektet:

Egne midler Stend:	kr 620
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 106 500
RULL midler:	kr 106 500
Voksenopplæringsmidler:	kr 106 500

Prosjektstart: 01.09.2014.

Prosjektslutt: 10.06.2015.

Prosjekteigar:

Stend vidaregåande skule

Prosjektleiar:

Erling Kjosås, Erling.Kjosas@hfk.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 55539523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Utviklinga innan landbruksutdanninga syner at stadig færre elever 16-18 år tek agronomutdanning (fagutdanning i landbruket). Årsakene til dette er fleire, men ein av dei er at de fleste overtek familiebruket eller kjøper seg gard i godt vaksen alder. Dei som skal inn som yrkesutøvere i landbruket har derfor som regel ei anna utdanning og yrkesbakgrunn, samtidig som riktig kompetanse er ein viktig faktor for å lykkast i næringen. Agronom utdanning for voksne har så langt vore ein stor suksess.

Tilsegnsdato: 30.04.2014

Driftsstøtte Design Region Bergen 2014 Tilsegn 037-2014

Fylkesutvalet vedtok 21.03.2013 å løyve driftstilskot over RUP-budsjettet til Design Region Bergen i 2014 på kr 500 000.

Design Region Bergen arbeider i hovudsak som ein brubyggjar mellom ulike designprofesjonar og for å aktualisere bruk av strategisk design inn mot næringsklynger.

Totale prosjektkostnader: kr 9 300 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen kommune støtte til drift:	kr 550 000
Egeninnsats og betaling designnæring prosjekter:	kr 3 300 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 500 000
Ulike prosjektinntekter:	kr 4 950 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Design Region Bergen

Prosjektleiar:

Monica Hannestad, monica@drb.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Design Region Bergen har som visjon at bergensregionen skal vere leiande i Norden innan designdriven nærings- og samfunnsutvikling.

Design Region Bergen arbeider med tre strategiske hovudområde: synligheit, nettverk og kompetanse, med kvar sitt tilhøyrande prosjekt, Raff Designuke, Manøver og DesignArena.

Tilsegnsdato: 17.03.2014

Økt kompetanse - berekraftig bruk av rensefisk Tilsegn 046-2014

Norsk Sjømatsenter skal i samarbeid med kompetansemiljø og næringa utvikle dagskurs i berekraftig og praktisk bruk av rensefisk. Kurset utviklast for røktarar, fiskarar av leppefisk og reinhaldarar på nøter og utstyr

Totale prosjektkostnader: kr 250 000

Finansieringsplan for prosjektet:

FHF:	kr 100 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 66 000
Kvarøy Fiskeoppdrett:	kr 12 000
Lerøy Vest:	kr 12 000
Marine Hørvest:	kr 24 000
Norsk Oppdrettservice:	kr 12 000
Skretting:	kr 12 000
Smøla Klekkeri og Settefisk:	kr 12 000

Prosjektstart: 01.05.2014.

Prosjektlutt: 01.07.2014.

Prosjekteigar:

Norsk Sjømatsenter

Prosjektleder:

Unni Austefjord, unni@sjomat.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Rensefisk er det viktigaste biologiske verktøy mot lakselus i oppdrettsanlegg. Havbruksnæringa opplever stort svinn av rensefisken i merdene. Ein meiner at leppefisken kan vere svekka av for lita fødetilgang, mangel på skjul samt uheldig og stor variasjon i miljøforhold og stress. Rømming, predasjon og gyting er andre årsakar til tap.

Det finnes lakseoppdrettarar som har over 10 års erfaring med bruk av rensefisk, og som har svært gode resultat og lave lusetall, til tross for lokalisering i områder med sterkt lusepress. Mykje forskning er lagt ned dei siste åra både innan helse, biologi, oppdrett, villfangst og velferd av rensefisk. Nye brukarar av leppefisk har trong for å auke sin kompetanse i høve til røkting for å oppnå god velferd og overleving av rensefisk i merdene.

Norsk Sjømatsenter skal i samarbeid med kompetansemiljø og næringa utvikle dagskurs i berekraftig og praktisk bruk av rensefisk. Kurset utviklast for røktarar, fiskarar av leppefisk og reinhaldarar på nøter og utstyr.

Tilsegnsdato: 11.04.2014

Regional Næringsstrategi for Hardanger Tilsegn 050-2014

Målet med prosjektet er å utarbeide ein næringsstrategi for Hardangerregionen. Ein felles næringsstrategi kan skape eit større regionalt samhold og styrkje utviklingspotensialet i Indre Hordaland.

Totale prosjektkostnader: kr 385 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats kommunane, tidsbruk:	kr 125 000
Forskottert støtte Regionalt Næringsfond Hardanger:	kr 100 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 160 000
Sparebankstiftinga Hardanger (søkt):	----

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 01.01.2015.

Prosjekteigar:

Hardanger Næringsråd

Prosjektleiar:

Liv Eirill Evensen, Næringsshagen i Odda, liv@nhodda.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 55239523-, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Ein Utviklingsplan for Indre Hordaland ligg inne i Regional Planstrategi for Hordaland 2012 – 2016 som eit dokument som skal verte utarbeida og vedteke i løpet av planperioden. Næring vil etter alt å døme verte eit særst sentralt tema i denne regionale utviklingsplanen. Regional Næringsstrategi for Hardanger vil bidra til å motverke den asymmetriske utviklinga vi kan sjå mellom kystkommunane og dei indre stroka i Hordaland. Når det fokuserast medvete på dei styrkane Hardangerregionen har, kan dette gje større resultat – og ein ny optimisme.

Tilsegnsdato: 30.04.2014

Geopark Sunnhordland

Tilsegn 043-2014

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har fått tilskot til å gjennomføra eit forprosjekt som ser på moglegheitene for å etablere ein Geopark i Sunnhordland.

Totale prosjektkostnader: kr 350 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats:	kr 20 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 100 000
NCE:	kr 150 000
Samarbeidsrådet for SHL:	kr 80 000

Prosjektstart: 15.08.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Prosjektleder:

Vert rekruttert,

Sakshandsamar:

Berit Vetejord,
tlf. 55239995, epost: berit.vetejord@hfk.no

Samandrag:

Sunnhordland er ein mangfaldig region og har ein spennande unik historie knytt til geologi. Det er dei siste åra gjort ein innsats for å tilretteleggja og formidla denne historia. Men det er mykje meir å gripa fatt i. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ynskjer å gjennomføra eit forprosjekt som ser på moglegheitene for å etablere ein Geopark i Sunnhordland.

I prosjektet skal det gjennomførast ei fagleg kartlegging av kva potensiale som ligg i kvar kommune, kva som kan vidareutviklast i eksisterande anlegg og korleis ein kan utvikla regionen tilpassa National Geographic og UNESCO sin definisjon av omgrepet Geopark, der temaa geologi, geografi, kultur og reisemål blir sett i, og marknadsført, i ein samanheng.

Tilsegnsdato: 03.04.2014

FoU-strategi Vestnorsk Fjordlandskap (Hordaland) Tilsegn 061-2014

Møreforskning har fått tilskot til utarbeiding av FOU-strategi for vidare kunnskapsoppbygging om verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap.

Totale prosjektkostnader: kr 745 001

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 60 938
Møre og Romsdal fylkeskommune:	kr 121 875
Møreforskning:	kr 101 250
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr 60 938
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv:	kr 400 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 10.10.2014.

Prosjekteigar:

Møreforskning Volda

Prosjektleiar:

Else Ragni Yttredal, ery@moreforsk.no

Sakshandsamar:

Berit Vettlejord,
tlf. 55239995, epost: berit.vettlejord@hfk.no

Samandrag:

Vestnorsk fjordlandskap vart i 2005 innskrevet på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvområdet består av to delområde; Geirangerfjorden og Nærøyfjorden med omland.

Det skal no utarbeidast ein FOU-strategi for vidare kunnskapsoppbygging om Vestnorsk Fjordlandskap. Forankring og nettverksbygging er ein del av arbeidet. Prosjektet vil styrke samspelet mellom FOU-institusjon og næringslivet for betre å imøtekomme behova for næringsutvikling i områda.

Tilsegnsdato: 14.05.2014

Kompetanseutvikling i CNC og robot-næringsmiljøet Tilsegn 047-2014NK

Gjennom prosjektet vil ein mobilisere og organisere CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland og utvikle eit aktivt samspel med og mellom Høgskolen i Bergen, Bergen tekniske fagskole og Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule.

Totale prosjektkostnader: kr 6 000 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats bedrifter:	kr 500 000
Egeninnsats Fagskolen:	kr 180 000
Egeninnsats HiB:	kr 258 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 250 000
Innovasjon Norge:	kr 3 000 000
Kompetansesenteret:	kr 1 262 000
Pengebidrag fra bedriftene:	kr 300 000
Regionalt næringsfond for Osterfjord:	kr 250 000

Prosjektstart: 05.05.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Osterfjord Næringsssamarbeid

Prosjektleder:

Lars Mjøs, lars.mjøs@osteroyindustri.no

Sakshandsamar:

Yngvar Hagala,
tlf. 55 37 80 16, epost: yngvar.hagala@hfk.no

Samandrag:

Hordaland har eit av dei sterkaste miljøa i landet innan CNC-maskinering. Dette miljøet er også langt framme når det gjeld automatisering/robotisering. Mange av aktørane er lokaliserte i kommunar med distriktstatus.

Mål: Mobilisere og organisere CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland og utvikle et aktivt samspel med utdannings- og etter- og videreutdanningsorganisasjonane på fagskole, høgskole og universitetsnivå slik at dei tilbyr undervisning som bidreg til god tilgang på kompetent arbeidskraft på fagområdet.

Tilsegnsdato: 08.04.2014

Hordalands internasjoniseringspris Villsauen Tilsegn 038-2014

Hordaland internasjoniseringspris, Villsauen, tildeles årleg ei verksemd i regionen som gjennom aktivt, profesjonelt og målretta arbeid har etablert seg internasjonalt.

Totale prosjektkostnader: kr 50 000

Finansieringsplan for prosjektet:

HNH 2014:	kr 50 000
-----------	-----------

Prosjektstart: 01.04.2013.

Prosjektslutt: 31.12.2013.

Prosjekteigar:

Bergen Næringsråd

Prosjektleiar:

Solveig Holm, solveig.holm@bergen-chamber.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Hordaland internasjoniseringspris, Villsauen, tildeles årleg ei verksemd i regionen som gjennom aktivt, profesjonelt og målretta arbeid har etablert seg internasjonalt.

Tilsegnsdato: 01.04.2014

DesignArena Tilsegn 042-2014

Designmiljøet i Hordaland er tildelt Arena-status frå 2013-2016. Dette er særst viktig for å vidareutvikle designnæringa i Hordaland, og for å styrke samhandlinga med tilgrensande næringar.

Totale prosjektkostnader: kr 5 834 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 300 000
Egeninnsats klyngepartnere:	kr 1 800 000
Egeninnsats og egenbetaling privat næringsliv:	kr 822 000
FoU egeninnsats:	kr 312 000
Hordaland Fylkeskommune:	kr 200 000
Innovasjon Norge:	kr 2 000 000
Visjon Vest:	kr 400 000

Prosjektstart: 01.07.2014.

Prosjektslutt: 01.07.2015.

Prosjekteigar:

Design Region Bergen

Prosjektleder:

Torhild Eide Torgersen, torhild@drb.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Partnerskapen består av 25 verksemder i ulike storleik som i 2012 omsette samla for rundt 640 millionar kroner.

I samspel med dei største næringane i regionen skal DesignArena medverke til å ta i bruk, vidareutvikle og bygge kompetanse innan designdriven innovasjon.

DesignArena skal vere ein møteplass, læringsarena og innovasjonspådrivar.

Hordaland fylkeskommune ynskjer å styrke klyngesamarbeidet det første året med denne løyvinga.

Tilsegnsdato: 03.04.2014

Driftsstøtte for 2014 - Fuzz AS

Tilsegn 079-2014

Fylkesutvalet vedtok i 2012 å løyve driftstilskot til Fuzz AS i åra 2012, 2013 og 2014 på kroner 650 000 over budsjettet Regionalt utviklingsprogram.

Totale prosjektkostnader: kr 2 919 272

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre driftsinntekter:	kr 741 272
Bergen kommune:	kr 900 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 650 000
Møre og Romsdal fylke:	kr 428 000
Sogn og Fjordane fylke:	kr 200 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Fuzz AS

Prosjektleiar:

Fuzz AS, lars@fuzz.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Fuzz AS er eit regionalt filmfond eigd av Bergen kommune og drifta i samarbeid med Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudaktiviteteten er knytt til å finansiere audiovisuelle produksjonar med tilknytning til Hordaland.

Tilsegnsdato: 28.05.2014

Nyskapingsparken Inkubator 2014 Tilsegn 078-2014

Nyskapingsparken er inne i sitt sjette driftsår og har sidan starten hatt status som FoU-innkubator i det nasjonale inkubatorprogrammet i regi av SIVA.

Fylkesutvalet vedtok 19.02.2014 å løyve støtte til Nyskapingsparken med kr. 900 000 pr. år for åra 2014 til 2016.

Totale prosjektkostnader: kr 4 100 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen kommune:	kr 250 000
Bergen Teknologioverføring:	kr 500 000
Deltakeravgift:	kr 354 479
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 900 000
Høgskolen i Bergen:	kr 500 000
NHH:	kr 50 000
Ny finansjør (privat):	kr 50 000
Overføringer:	kr 195 521
SIVA:	kr 1 300 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Høgskolen i Bergen

Prosjektleder:

Høgskolen i Bergen, hin@hib.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Hovudmålet er å medverke til etablering av nye gründerbedrifter og arbeidsplassar i regionen.

Nyskapingsparken skal medverke til fleire vellukka innovasjonar og at fleire nyetablerte verksemder kan lukkast med å verte vekstverksemder.

Tilsegnsdato: 28.05.2014

Frå elev til arbeidstakar (FETA) Tilsegn 083-2014

Prosjektet "Frå elev til arbeidstakar" har som hovudmål å sikra betre samhandling mellom aktørane i yrkesopplæringa for å få betre kvalitet i opplæringa, høgge gjennomføringsgrad og fleire læreplassar frå noverande og nye læreverksemder

Totale prosjektkostnader: kr 1 793 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 250 000
Lokale samarbeidspartar:	kr 543 000
Stimuleringsmidler yrkesopplæring i Hordaland:	kr 1 000 000

Prosjektstart: 01.08.2014.

Prosjektlutt: 01.07.2015.

Prosjekteigar:

Etne og Vindafjord Næringsutvikling SA

Prosjektleiar:

Jostein Osnes, jostein.osnes@gmail.com

Sakshandsamar:

Eva Brækkan, epost: evabrek@hfk.no

Samandrag:

Dagens elevar er framtidens arbeidstakarar og verdiskaparar. Målsettinga er at utdanningsløpet skal gjera desse best mogeleg rusta til å møte næringslivet sitt kompetansebehov. Nokre sentrale utfordringar:

1. Auka grad av spesialisering i arbeidslivet bidrar til eit kompetansegap i overgangen frå elev til lærling.
2. Den teknologiske utviklinga i næringslivet gjer det stadig meir krevjande for utdanningsinstitusjonane å vera i front.
3. Verksemder ser i for liten grad verdien av breidde i opplæringa.
4. Det er for lite kunnskap om dei ulike ordningane som fører til sluttkompetanse.

Prosjektet tek sikte på å formalisera eit nærare samarbeid mellom utdanning og næringsliv for å møte desse utfordringane.

Tilsegnsdato: 11.06.2014

Nordic Village Tilsegn 082-2014

Slow Food Hardanger skal delta på standen «Nordic Village», under Terra Madre 2014.

Slow Food og Terra Madre i Norden arbeider for å få på plass ein felles nordisk stand, med deltaking av småskala matprodusentar- og reisemålsregionar frå Finland, Danmark, Island, Noreg, Sverige og Sapmi.

Totale prosjektkostnader: kr 400 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 100 000
Hardangerrådet iks:	kr 100 000
Slow Food Hardanger + EK produsentar:	kr 100 000
Sparebankfondet:	kr 100 000

Prosjektstart: 15.04.2014.

Prosjektslutt: 30.10.2014.

Prosjekteigar:

Slow Food Hardanger

Prosjektleder:

Jorid Lekve Eide, jorid.leide@gmail.com

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Slow Food, Piemonte-regionen og byen Torino, arrangerer Salone del Gusto i samarbeid med Landbruks departementet, næringsmiddel og skogbruksverksemdet. Sidan starten i 1996 har Salone del Gusto blitt til ein av dei viktigaste møteplassane for kvalitets- og tradisjonshandverkarar i matfaget frå heile verda. Terra Madre er eit eksempel på nettverksbygging innan Slow Food, og er ein møteplass for småskala produsentar, kokkar, ungdom og konsumentar frå heile verda som får presentere seg gjennom the Ark of Taste og sine Presidia. Slow Food Hardanger ynskjer å setje fokus på matidentitet i eigen region, utveksle erfaring innan gastronomi som kreativ næring - styrkje kompetansegrunnlaget for deltakande produsentar. Terra Madre tilbyr seminar og konferansar med ulike tema knytt til matproduksjon over heile verda.

Tilsegnsdato: 18.06.2014

Næringslivskompetanse til gründere - Søknad om prosjekter og aktiviteter i CV 2014

Tilsegn-096-2014

CONNECT Vest er en non-profit medlemsforening som kobler vekstselskap med et erfaringsbasert næringsliv og identifiserer kapitalkilder. CV (2001) er en del av et nasjonalt og internasjonalt CONNECT nettverk. Målet er å skape levedyktige vekstselskap. Partnerne i CV bidrar bl.a. med; «spisset» kompetanse, partnere, kapital mm. CV gir partnere tilgang på et verdinettverk, informasjon om vekst-selskaper, og investeringsmuligheter

Totale prosjektkostnader: kr 3 910 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Konferanseinntekter:	kr 30 000
Medlemskontingent:	kr 650 000
Prosjektinntekter, avg. pliktig:	kr 750 000
Regionale/nasjonale sam.part:	kr 772 500
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 540 000
Søknad Bergen Kommune:	kr 360 000
Søknad IN:	kr 807 500

Prosjektstart: 24.06.2014

Prosjektslutt: 30.06.2015

Prosjekteigar:

Connect Vest

Prosjektleder:

Hege Elvestad, hege.elvestad@connectnorge.org

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

CV er en non-profit selvstendig medlemsforening som hjelper gründere og vekstselskap ved å koble dem kostnadsfritt mot kompetanse, nettverk og kapital. Målet er en raskere utvikling av vekstbedrifter for derved å skape flere levedyktige bedrifter og arbeidsplasser. Tilgangen til kompetanse, nettverk og kapital tilbys gjennom ulike aktiviteter og prosesser.

Medlemmer i CV bidrar med kostnadsfri kompetanse til gründere og vekstselskap gjennom deltagelse på CONNECT (Pre-) Springbrett®, Investorforum, Partnerforum, direkte koblinger (styrerepresentanter, mentorkoblinger, partnere) mm. På den andre siden gir CONNECT medlemmer tilgang på informasjon om nye vekstselskaper, ny teknologi, nye løsninger, ny kompetanse, nye kunder, nettverk og investeringsmuligheter.

Tilsegnsdato: 24.06.2014

Vitaliseringsplan Odda Sentrum 2015 Tilsegn 084-2014

Foreningens medlemmer og styre vil utarbeide en Vitaliseringsplan for Odda sentrum som skal ha et langsiktig perspektiv. Planen skal omfatte all næringsvirksomhet i sentrum og basere seg på plandokumenter for regionen. Planen skal også være forankret hos viktige premissleverandører som kommunen, huseierne, de næringsdrivende og kunder/brukere

Totale prosjektkostnader: kr 272 680

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 81 804
Odda Handelsforening:	kr 50 876
Vekst og Strategifondet Odda kommune:	kr 140 000

Prosjektstart: 04.08.2014.

Prosjektslutt: 30.09.2014.

Prosjekteigar:

Odda Handelsstandsforening

Prosjektleder:

Kristine Drake, kristine.drake@hotmail.com

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Odda Handelstandsforening ble etablert i 1960. I løpet 54 aktive år har foreningen i dag 53 medlemmer og har deltatt aktivt i utviklingen av handelsstanden i kommunen. Odda sentrum er midt inne i en transformasjonsprosess og en strukturell overgangsfase:

- Omlegging av trafikkmønsteret i sentrum
- Spredning av butikker og næringsdrivende
- Stor slitasje på bygningsmassen i sentrum
- utfordringer mtp tilgang til areal for utvikling av nye butikker, konsepter osv
- Tilgang til nye markeder gjennom åpning av Jondalstunnellen
- utfordringer ved øket handel på internett
- Øket handel på reiser og stadig flere reiser stadig oftere
- Tidlig stengte butikker i Odda gjør det vanskelig for folk å faktisk handle
- Handelslekkasje til Haugesund, Voss og Bergen

Tilsegnsdato: 23.06.2014